



Dato: 18.10.2021  
Arkivref: 2021/554-27434/2021 / L13

Saksbehandlar: Thorleif Thormodsen Lea

tll@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
85/21	Utval for areal og samferdsel	17.11.2021

## **FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR NEDREBØ NAUSTOMRÅDE 6/74 MFL. FINNÅS PLANID 202005**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til detaljregulering for Nedrebø naustområde 6/74 mfl. Finnås, PlanID 202005 blir i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

### **Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 17.11.2021**

#### **Vedtak:**

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

#### **Dokument i saka:**

Plankart datert 05.10.21, føresegner sist datert 18.10.21, planomtale datert 05.10.21, planskisse datert 10.11.20, ROS-analyse datert 05.10.21, funksjonell strandsonekartlegging datert 04.06.21, VA-plan datert 04.06.21 med tilhøyrande notat og aksept frå BVA, merknadar til oppstartsvarel.

#### **Bakgrunn for saka:**

Det blei halde oppstartsmøte for plansaka den 23.10.2020. Prinsippøknad for å melde oppstart blei behandla i utval for areal og samferdsel i møte den 27.01.2021 som sak PS 11/21. Det blei samrøystes gjeve løyve til å starta opp regulering av området utan krav om konsekvensutgreiing. Det blei varsla om oppstart av planarbeidet 22.02.2021 med annonse i Bømlo-nytt 24.02.2021. Høyringsfristen var 07.04.2021. I den perioden kom det fem fråsegn til oppstartsvarelet som inneheldt råd og særleg aktuelle omsyn i saka.

Planlegg Bømlo har nå på vegne av forslagsstillar Sølve Bruvik levert framlegg til detaljregulering for naustområdet Nedrebø. Administrasjonen har gått gjennom innsendinga, gjeve sine tilbakemeldingar og gjort revisjonar, og finn framlegget til plan tilfredsstillande til å sendast til høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Planområdet er på ca. 7,9 dekar inkludert veg- og sjøareal. Elles omfattar planframlegget naustområde, grøntareal, LNF med spreidde bustadar og småbåtanlegg i sjø.




# Oversynskart Nedrebø

Dato: 18.10.2021

Målestokk: 1:100000

Koordinatsystem: UTM 32N

N



Figur 1 Oversynskart med planområdet markert med raud pil.




Figur 2 Flyfoto med planområdet vist med svart stipla line.

## Plansituasjon

Kommuneplanen sin arealdel

Området er i hovudsak sett av til naustformål og LNF med spreidde bustadar, med innslag av grønstruktur. Det er også lagt inn vegareal i kommuneplanen.

Framlegg til plan er i hovudtrekka i samsvar med overordna plan. Delar av naustformålet i kommuneplanen blir regulert til småbåtanlegg i sjø. Det same gjeld eit mindre område sett av til generelt sjøformål.



Figur 3 Planområdet vist i kommuneplanen sin arealdel med eksisterende reguleringsplan. Planområdet er merka med svart stipla line.


## Reguleringsplan

Området er ikkje tidlegare regulert. Framlegg til plan grenser til reguleringsplan R-118 Severinstø i Åreidvikjo, bnr. 6 bnr. 5 mfl., gjeldande frå 25.02.2008. Planen legg opp til fritidsbustadar til sjø, og er stort sett bygd ut etter planen.

Områda skal ikkje ha felles vegtilkomst, eller nokon annan form for sambruk av areal og vil soleis ikkje påverka kvarandre i praksis. Planen er ferdig bygd ut. Planområdet vil sjå ut som ein fortsetting av rorburekka i R-118.

## Planområdet

Planområdet ligg på austsida av Åreidbukta ved Finnås prestegård. Det er eit eksisterande eldre naust her på ein steinstrand med eit bekkeutløp som går ut i sjøen. Det er vidare ein skadd bryggje innanfor planområdet. Planområdet omfattar elles ein eksisterande traktorveg ned til naustet, og to eksisterande bustadar med tilkomstveg, offentlig fylkesveg og eksisterande parkeringsplass.



Figur 4 Grunnkart med planområdet vist med svart stipla line. Gule bygg er bustadar, blå er naust, garasje, orbu.


Planområdet omfattar eigedommane med gards- og bruksnummer 6/2, 40, 71, 73, 74, 75, 76 samt delar av 6/6, 12 og 18.

Eigartilhøva er som følgjer:

Gards- og bruksnummer	Eigar
6/2	Harald Koløy
6/6	Björg K Solberg Østvold
6/12	Randi Sletten Jensen
6/18	Uavklart
6/40	Vestland fylkeskommune
6/71	Trude Nedrebø
6/73	Sveinung Alsaker
6/74	Åse Norunn Nedrebø Bruvik
6/75	Job Normann Nedrebø
6/76	Harald Koløy




Figur 5 Dronefoto av området, sett mot aust. Kjelde: Planlegg Bømlo.



Figur 6 Dronefoto av området, sett mot søraust. Kjelde: Bømlo kommune.

Byggeområda er eit stykke strandline med innslag av steinstrand, bekkeutlaup, bergskrent og gras- og tuftemark. Nord for området er det ei rekkje fritidsbustadar, og sørover er det naturleg strandlina med berg og trær til ein kjem til gardsbruka i Grønevik. I bakkant ligg det einebustadar før ein kjem til hovudvegen. Mellom dei to einebustadane er det ein traktorveg som går ned til området i dag.

## Framlegg til reguleringsplan



Figur 7 Utsnitt av plankartet

Planområdet er på ca. 7,9 dekar og inneheld naustområde (BUN), småbåtanlegg (BSB), grøntstruktur (GBG), LNF med spreidde bustadar (LSB), veg (SV) og parkering (SPP). Storleiken på dei ulike områda kjem fram av tabellen på neste side.

Til parkering kan det nyttast allereie etablert parkering på infartsplassen til Siggjo. Sidan utbyggjarane stort sett er lokale er det ikkje venta mykje behov for parkering. For å spara strandsona for inngrep blir difor denne løysinga nytta. Rett til parkering må tinglysast før nausta kan byggjast. Tilkomst er teikna inn, utan at det er sikkert denne blir opparbeida.

Kvart av områda vil få eit nytt naust, og det vil kunna byggjast kaianlegg inntil tre meter ut frå land. Nausta må plasserast på minst kote +1,8, og følgjer elles utformingskrav gjeve i føresegna til kommuneplanen sin arealdel.

Det kan opprettast felles småbåtanlegg i BSB1, med ein større brygge som kan ha plassar til opp mot åtte småbåtar. Det er ikkje gjeve vidare føresegner på storleik eller plassering. I BSB2 kan det etablerast bølgebrytar opp til 20 meter lang for å beskytta småbåtanlegget.

<b>Arealføremål</b>	
<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (BSB1-2)	851,8
1589 - Uthus/naust/badehus (BUN1-5)	897,4
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>1 749,2</b>
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
2010 - Veg (SV1-5)	1 716,7
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (SVG)	215,5
2082 - Parkeringsplassar (SPP1-2)	676,7
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>2 608,9</b>
<b>§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
3002 - Blågrønnstruktur (GBG1-3)	1 151,7
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>1 151,7</b>
<b>§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
5210 - Spreidde bustadar (LSB1-3)	1 642,8
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>1 642,8</b>
<b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)	780,6
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>780,6</b>
<b>Totalt alle kategorier: ☐</b>	<b>7 933,2</b>
<b>Omsynssoner</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
<b>§12-6 - Omsynssoner</b>	
140 - Frisikt (2)	76
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>76</b>

Det er lagt ved framlegg til overordna vatn- og avlaupsplan som syner mogleg tilkopling til offentleg vassnett, og felles løysing for avlaup med felles slamavskiljar. Planen er godkjent av BVA.

Byggjegrænse til sjø er vist i planen, langs formålsgrænsene mellom BUN og BSB.

Merknader til planarbeidet – melding om oppstart. Oppsummert – for full merknad sjå vedlegg.

Dato og avsendar	Innspel/merknad	Planleggjar sin kommentar <i>Kommunedirektøren sin kommentar</i>
19.03.21 - Kystverket	Alle tiltak som kan verka på tryggleiken og framkomst i sjø må handsamast etter hamne- og farvasslova. Karmsund hamn IKS er hamnemynde og behandlar søknadar om tiltak. Det må inn i føresegna.	Dette vert teke med i føresegnene.
22.03.21 – BVA	Det skal følgja overordna VA-plan som godkjennast av BVA med reguleringsplanen. Den skal vera godkjent før anleggsstart. Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA-leidningar til offentleg nett må takast av utbyggjar.	Overordna plan er utarbeida, samt notat angående VA-plan. VA-plan skal utarbeidast før oppstart. Kostnadar vert dekkja av utbyggjar.  <i>Føresegna sikrar at VA-plan skal vera godkjent av BVA før det blir gjeve løyve til tiltak i området.</i>
26.03.21 – Vestland fylkeskommune	<p>Planområdet ligg i svært viktig regionalt friluftsområde Kuleseidkanalen. Det må takast omsyn til i den vidare planlegginga. Det er viktig å sikra grønstuktur samt ålmenn ferdsel og tilgjenge.</p> <p>Det er bratt ned til sjøen og det er allereie etablert naust og kai. Dei allmenne friluftsiinteressene er truleg avgrensa, men det er ikkje kartlagt ordentleg og då vanskeleg å fastslå.</p> <p>Sett i høve til mogleighetene for rekreasjon og opphald i strandsona vil det vere gunstig om eksisterande parkeringsareal ved hovudvegen kan nyttast. Det vil spara strandsona for terrenginngrep og gjera område meir attraktivt å bruka.</p> <p>Planen sin verknad på registrerte kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og omtalast i planutgreiinga. I tillegg må også element som steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap omtalast. Ein plan kan ikkje vera i konflikt med kulturminne, så det er ein fordel å klarleggja spørsmål kring kulturminne tidleg.</p> <p>Verknaden planen vil ha for vegtransport og vegnett må bli gjort greie for i planomtale, ROS-analyse og evt. konsekvensutgreiing. Særleg kryssløysing i denne planen.</p> <p>Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har retningsliner som blir trekt fram: «Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.</p>	<p>Dette er omtalt i planomtalen og hensynteke. Slik ein vurderer det, kjem ikkje eventuelt tiltak i nemneverdig konflikt med friluftsiinteressene i det regionale Kuleseidkanalen.</p> <p>Allmenne friluftsiinteressar er begrensa, men området vil vera lettare tilgjenge for fleire etter utbygging, noko som vert vurdert til å vera positivt. Det er ikkje kjente brukarinteressar i området.</p> <p>Det er lagt opp til at parkering skjer ved Fv4996 der det allereie er etablert parkeringsplass for å redusere «fotavtrykket» i strandsona og oppretthalde mest mogleg urørt natur her.</p> <p>Kulturminne er undersøkt og omtalt, og det er ikkje kjente registrerte kulturminne i eller i nærleiken av planområdet. Krav om handling ved mogleg funn av kulturminne er teke med i føresegnene.</p> <p>Eksisterande Fv4996 vil ikkje verta berørt anna enn regulert inn som eksisterande veg og med siktsoner. Det er lagt opp til å nytta eksisterande avkøyrsløse, som vert regulert inn ihht gjeldande krav.</p> <p>Tiltaka har krav til utforming, dette er teke med i føresegnene. Ein har teke vekk parkeringsareal (som er teke med i kommuneplanen) og flytta dette ut av strandsona for å redusere avtrykket.</p>

	<p>«Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreist som bustad/fritidsbustad».</p> <p>«Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggast for allmenn ferdsel ved nye naust og over brygger der det er mogleg. Det er ikkje tillate med nye gjerde/levegg eller andre stengslar i naustområde.</p>	<p>Planframlegget gjeld naust slik dei er definerte i Bømlo kommuneplan, som er i tråd med skildringa over. Dette er også fastsett i føresegnene.</p> <p>Det er teke med i føresegnene.</p> <p><i>Framlegg til plan har stort sett teke omsyn til råd og retningsliner frå Vestland fylkeskommune.</i></p>
<p>08.04.21 – Statsforvaltaren i Vestland</p>	<p>I dette planarbeidet er statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø særleg relevant.</p> <p>I 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særskilt omsyn til natur- kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.</p> <p>Planarbeidet skal identifisera kva areal som har slike verdiar.</p> <p>Det er forventa at planarbeidet følgjer opp retningslinene i regional kystsonoplan, t.d. ved å leggje opp til fellesløysingar for småbåtar, kaiar og bryggjer. Vidare at nye naust ikkje skal redusere ålmenta sin tilkomst til strandsona og at ein elles tek særleg omsyn til dei allmenne interessene som går fram av pbl § 1-8.</p> <p>Planområdet er del av kartlagt svært viktig regionalt friluftsområde Kuleseidkanalen. Statsforvaltaren forventar at det blir gjort greie for planen sin verknad på friluftsområdet, og at det blir tatt omsyn til.</p> <p>Det går ein bekk nedover skråninga med utlaup i planområdet kor det er tenkt plassert naust. Planarbeidet må gjere greie for korleis denne blir ivareteken. Statlege planretningsliner for klima og energiplanlegging og klimatilpassing trekk fram at planar skal ta omsyn til behovet for opne vassveggar, overordna blågrøne strukturer og forsvarleg overvasshandtering. Det blir også vist til vassressurslova § 11 om kantvegetasjon, og at det skal gjerast ein vurdering av konsekvensar for naturmangfald råka av planforslaget etter naturmangfaldlova §§ 7 – 12.</p>	<p>Det er føreteke ei kartlegging av funksjonell strandsona i området, denne ligg ved planframlegget. Vidare er det lagt opp til felles løysingar for småbåtar og flytebrygger, innafor dei fysiske begrensingane som ligg i området.</p> <p>Dette er omtalt i planomtalen. Slik ein vurderer det, kjem ikkje eventuelt tiltak i nemneverdig konflikt med friluftsiinteressene i det regionale friluftsområde Kuleseidkanalen.</p> <p>Bekken er omtalt i planomtalen og ROS-analysen. Det vert planlagt tilstrekkeleg dimensjonering på bekkeutløp, også sett opp mot forventa auke i nedbør grunna klimaendringar, ref Klima i Norge 2100, utgitt av Miljødirektoratet.</p> <p><i>Bekken blir sikra i planen, og skal ikkje leggjast i røyr. Viss tiltak fører til endring i bekkeløpet, skal denne leggjast om med ope, steinsett utlaup til havet.</i></p>
<p>07.04.21 – Fiskarlaget Vest</p>	<p>Det er registrert kaste-/låssettingsplass nord for planområdet og område for passive og aktive reiskap vest for området. Fiskarlaget føreset at utbygginga ikkje kjem til hinder for fortsett bruk av fiskeområda. Fortøyingar må avgrensast mest mogleg. Fiskeaktiviteten, som også kan gå føre seg nattetid, skal ikkje forstyrrast av naust og tilknytt aktivitet.</p>	<p>Kaste- og låssetjingsstaden i Åreidbukta ligg meir enn 100m frå planområdet, og slik planleggjar ser det, kjem ikkje desse i konflikt med kvarandre. Det ligg i tillegg fritidsbusetnad mellom kaste- og låssetjingsstaden og det planlagde naustområdet. Aktivitet i naustområdet vil vera lengre unna eventuelt steng enn minstekravet til ferdsel (20m) og fiske (100m). Ein forutset at dei same reglane gjeld for eventuelle nausteigarar i Nedrebø som for øvrige brukarar av sjøområda, og at samtlege forhold seg til gjeldande reglar. Slik planleggjar ser det, er det ikkje naudsynt med konkrete spesifiseringar i sjølve</p>

	<p>Det er ønskeleg med ein paragraf i føresegna som sikrar fiskarane sine rettigheter:</p> <p>«Kaste- og låssettingsplass</p> <p>Det er registrert kaste- og låssettingsplass i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy i nærleiken. Tiltaket må ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det må dermed heller ikkje vere ankringsforbod i området.</p> <p>Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyde til land eller oppankra på anna vis, jf. § 27 i Havressurslova. Fisk i steng er sårbare for spreningsarbeid/fylling i sjø og eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast før det blir utført arbeid i sjø.»</p>	<p>detaljreguleringsplanen. Fortøyningar til flytebrygger og bølgebrytar skal leggast ut på ein slik måte at det er til minst mogeleg sjenanse for andre.</p> <p>Aktivitet i naustområdet vil vera lengre unna eventuelt steng enn minstekravet til ferdsel (20m) og fiske (100m) gitt i Havressurslova. Ein forutset at dei same reglane gjeld for nausteigarar i Nedrebø som for øvrige brukarar av sjøområda, og at samtlege forhold seg til gjeldande reglar. Slik planleggjar ser det, er det ikkje naudsynt med konkrete spesifiseringar angående fiskereguleringar i sjølve detaljreguleringsplanen.</p> <p><i>For å vareta fiskarane sine rettigheter er føresegna innlemma som føreslege i fråsegna, utan at dette er vurdert å vere av stor praktisk betydning. Rettighetene er lovfesta og hevdvunne, så det blir berre å stadfesta det i reguleringsplanen også.</i></p>
--	---	--

Kommunedirektøren sin kommentar til fråsegn til oppstartsvarelet:

Etter kommunedirektøren sin vurdering er ikkje framlegg til plan i vesentleg motstrid med fråsegn gjeve til oppstartsvarelet.

#### **Vurderingar:**

Framlegg til plan medfører ein nedbygging av strandsona for omtrent heile planområdet.

Planområdet er lite, noko som nødvendigvis fører til ein høg utnytting av arealet for å kunna fordela kostnadane med planlegginga og gjennomføringa av planen.

Området er til dels teke i bruk og privatisert med bustadar i bakkant og tilkomst mellom desse. Ved sjøen er det eitt gamalt naust bygd i stein og eit medtatt bryggjeanlegg. Langs sjøen mot nord er det fritidsbustadar, og mot sør er det vekse att og bratt terreng. Planområdet i seg sjølve er difor ikkje vurdert som eit verdifullt område for friluftsliv. Effekten på tilgjenga til området er i sum vurdert som negativ for ålmenta, men positiv for brukarane. Sidan området i utgangspunktet har låg bruksverdi for ålmenta, kan kommunedirektøren akseptera at området blir utvikla i tråd med arealformålet i kommuneplanen sin arealdel til fordel for brukarane.

Elles ligg planområdet i periferien av det svært viktige regionale fritidsområdet rundt Kuleseidkanalen. Konsekvensen for fritidsområdet er difor vurdert som avgrensa til fjernverknad på landskapet sett frå land eller sjø ved austre utlaup av kanalen. Omfanget er, sett saman med dei eksisterande fritidsbustadane, ikkje vurdert som stort nok til at tiltaket ikkje bør gjennomførast med omsyn til fjernverknaden på landskapet. Naustrekkja kjem som ein del av ein klynge busetting i området, og blir soleis ikkje ein unaturleg del av det eksisterande landskapet.

Vidare er det lite byggjepress i strandsona her, då det ikkje er mykje areal sett av til bygging i strandsona mellom Sakseid i vest og Tungeneset i aust. På Sørå Bømlø sør for Hidle er det vidare lite byggjeområde. Det større området er difor vurdert som i samsvar med «område med lite utbyggingspress og mye tilgjengeleg strandsona», jf. punkt 4 i statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Det er fleire element i planområdet med eigenverdi i ein strandsonevurdering. Det er ein steinstrand i områda BUN1 og 2 fram til det eksisterande naustet som blir delt i to av eit bekkeutlaup. Vidare er det berg i BUN4 og 5 og grasbakke oppover landskapet bak naustområda med ein oppkøyrtraktorveg. Framlegg til plan opnar for å etablera kaifront og naust på stranda, kor naust må liggja på minst 1,8 meter over normal vasstand. Bekken må bevarast, og eventuelt leggjast om viss det blir naudsynt. Det nye bekkeutlaupet må i så fall steinleggjast i veggjar og botn for å gje eit naturleg uttrykk. Vidare kan berg i BUN4 og 5 bli planert for å gje plass til naust, og stien kan leggjast om og grusast.

For kommunen har det vore fokus på å bevare det som kan bevarast, og samtidig tillata utvikling i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Det er difor akseptert ein tett utbygging som utnyttar mesteparten av naustområdet til naustbygging, med krav om å bevare bekken open, og å nytta felles småbåtanlegg.

### FN sine berekraftsmål:



Naustområde på Bømlø blir først og fremst nytta til fritidsføremål som sjø- og båtliv, fiske, bading osv. Dette kan bidra til god helse og livskvalitet for innbyggjarane på Bømlø, og naust tilknytta bustadane bidrar til at busettinga i lokalsamfunnet blir meir attraktiv. Utbygging går på bekostning av eksisterande liv lokalt i vatn og på land. Tiltaket i seg sjølve er utan vidtrekkande konsekvenser, men summen av fleire sånne tiltak kan ha ein større effekt.

### Økonomiske konsekvensar:

Utbyggjar skal ta alle kostnader ved utbygginga.

### Miljømessige konsekvensar:

Det er ikkje registrert førekomst av naturmangfald på rødelista eller av annan særleg forvaltningsinteresse i eller nær planområdet.

Det er ingen kjente kulturminne i planområdet. Det ligg ein gamal steingard i bakkant av BUN 1 og 2, men denne blir ikkje rørt av utbygginga.

Det er strandsoneverdiar i området som blir råka av planforslaget. Det kan bli bygd bryggje/kai over stranda, og opp til tre meter av fjæra. Grad av konsekvens er avhengig av utforminga av bl.a. kai/bryggje – men området vil i alle fall gjennomgå ein endring både estetisk som landskap, og som leveområde for dyr og planter.

### Beredskap- og samfunnstryggleik:

ROS-analysen har ikkje avdekket uakseptabel risiko for uønska hendingar. Høg vasstand er venta årleg. Det er difor sett krav til at nye bygningar må byggjast på kotehøgde + 1,8m.

Det er risiko for flaum og erosjon av grunnen frå bekken. Bekkeutløpet skal difor vera tilstrekkeleg overdimensjonert og steinlagt i botn og veggjar.

Det er ikkje kartlagt aktsemd for radongass i området. Det blir ikkje planlagt for nye bygningar for varig opphald. Det er difor ikkje sett krav om radonmålingar i samband med planlegginga.

### **Folkehelse:**

Utbygde naust vil tilsei auka fritidsaktivitetar som har eit positivt folkehelseaspekt ved seg, men primært for eit avgrensa tal brukarar. Området vil framleis være ope for allmenta, men privatiseringseffekten vil sannsynlegvis halde fleire unna. Effekten er samtidig vurdert som avhjelpet av at det er eit lite lokalsamfunn der eventuelle besøkande kjenner til eigarane, og vice versa.

Born og unge vil miste eit naturleg område for leik og utforsking, mens dei får eit tilrettelagt område for bading, fiske og båtliv.

### **Oppsummering og konklusjon:**

Framlegg til plan legg opp til 6 naust over eit område på ca. 900 kvadratmeter, innanfor eit planområde på ca. 7,9 dekar.

Det kan byggjast kai/bryggjeanlegg i områda for naustbygging, BUN1-5 og naust må plasserast minst +1,8m over havet.

Det kan etablerast felles anlegg for småbåtar med opp til 8 båtplassar i område for småbåtanlegg, BSB1, og bølgebrytar opp til 20 meter lang i BSB2.

Det kan etablerast tilkomstveg ned til området der det i dag går sti/traktorveg. Til parkering kan det nyttast allereie etablert parkering på innfartsplassen til turvegen opp til Siggjo.

Framlegg til plan vil kunna føra til at det blir anlagt kai med naust på stranda, og kan medføre terrenginngrep i berg for å forbereda nausttomtar. Bekk gjennom området skal bevarast som open bekk, og kan leggjast om viss naudsynt.

Framlegg til plan er i samsvar med overordna plan, og det er ikkje i klar strid med innkomne merknadar til oppstart. Det er gjort ein kartlegging av strandsona.

Kommunedirektøren vurderer framlegget til plan som tilfredsstillande utgreidd og utarbeida, og tilrår at det blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.